



7 soknerådsmedlemmer frå Uskedal sokn saman med prost Svein A. Theodorsen

Tirsdag ettermiddag og kveld var om lag 60 soknerådsmedlemmer på kurs i Valen kyrkje. Kurset var retta mot nye soknerådsmedlemmer, men det deltok også ein del med erfaring. Deltakarane kom frå Etne og Skånevik sokn i tillegg til sokna i Kvinnherad. Frå Uskedalen sokn møtte 7 deltakarar.

Etter at deltakarane var servert rikeleg med pizza, vart kursøkta innleia med andaktsord av Jan Ove Totland som no er godt i gang som sokneprest i Eid og Fjelberg.

Prost Svein A. Theodorsen veksla med seniorrådgjevar Gunvor Taule Mjanger frå Bjørvin bispedømme på å leia kursprogrammet. Gjennom dei timane kurset varte var dei innom mange sider ved soknerådsarbeidet. Deltakarane vart m.a. betre kjent med oppgåver, ansvar og ansvarsfordeling, organisering og det viktige samspelet som arbeidet inneber.



Møyfrid Kristoffersen vart intervjuet av prost Svein A. Theodorsen.

Innimellom vart også representantar for kursdeltakarane brukt for å belysa ulike side ved arbeidet. Kyrkjevevet i Etne foralde m.a. om Fellestrådet sine oppgåver, medan vår eigen soknerådsråtleiar dei siste 6 åra vart intervjuet av Theodorsen om arbeidet i Uskedal sokneråd i den perioden.

Møyfrid fortalte mellom anna om då ho vart vald som leiar for 6 år sidan som heilt ferkt soknerådsmedlem. Ho tok utfordringa, og ho fortalte om 6 veldig kjekke år med godt samarbeid der ho hadde kunna delegera oppgåver, og oppleve kor kjekt det var å sjå korleis samarbeidet fungerte.

- Eg syns eg har lært veldig mykje. Ein veks med ansvar og å ta nye oppgåver, ja, eg har opplevd det som ein personleg vekst, sa Møyfrid mellom anna.

Då Theodorsen spurde ho om det var noko som hadde vore ekstra kjekt desse 6 åra, svarta ho om lag slik:

- Det har vore veldig kjekt alle 6 åra, men kyrkja vår var 100 år i 2014, og dette jubileet og alle aktivitetane rundt det var veldig kjekt, sa ho mellom anna og nemnde alle dei fine konsertane, arbeidet med jubileumsboka og kvelden med dei tre professorane Reidar Myklebust, Dag Helland og Jørn Ø. Sunde om tru og liv.

Prosten hadde også eit spesielt minne frå dette jubileumsåret. Det var gammaldags kyrkjesundag, og særleg hadde han bite seg merke i det store følgjet med born og vaksne som gjekk dei 8 kilometrane frå Øvre Musland til kyrkjes. Mjølkekjerra som stod for transporten av dei minste hadde han også bite seg merke i. Elles nemnde Møyfrid at ho var glad for at dei no hadde fått rett namn på kyrkja etter innspel frå avdøde Torfinn Myklebust. No heiter den Uskedal kyrkje, ikkje Uskedalen kyrkje som vart brukt før.

Då prost Theodorsen spurde Møyfrid om ho hadde gode råd å koma med etter å ha samla seg lang erfaring, svarta ho at det var viktig å vera seg sjølv.

- Det er viktig å vera open for alle. Og så er det viktig at ein tar på seg oppgåver og samarbeider, for det er mykje viktig arbeid i kyrkja som vert gjort av frivillige.

Ho avslutta med slå eit slag for kyrkjemusikken.

- Eg syns det er godt å samlast med song og musikk. Det er ein god måte å samla folk i kyrkja på.

Møyfrid Kristoffersen gjekk nyleg av som leiar i Uskedal sokneråd, men ho held fram som nestleiar. Ny soknerådsråtleiar er Svanhill Haugland.

Elles var det kjekt å høyra at prosten fleire gonger omtala det gode samarbeidet som Uskedal sokneråd hadde med uskedalen.no. Dette gav god informasjon til kyrkjelyden om arbeidet som føregjekk i soknet. Han nemnde og at det var viktig at sakene som skulle opp i soknerådet vart gjort kjent i og med at soknerådsmøta i hovudsak er opne for medlemene i kyrkjelyden.



[Nokre av kursdeltakarane.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Mette Hvidevoll/Thor Inge Døssland.